

Markerte at LOYAL vart bygd for 140 år sidan.

17.09.2017



Mannsgruppa Rustne Menn var med på markeringa LOYAL 140 år.

Rustne menn frå Uskedalen var med på skutedag i Rosendal der det vart markert at det er 140 år sidan Galeas LOYAL vart bygd. Hans Gustav Musslund, Svein Rimestad og Kristian Bringedal deltok med dertil eigna sjømannssongar. Framføringa vart gjennomført vekselvis med kapteinen på STATSRAAD LEMHKUHL, Seidel, sine sjanti innslag.

Galeas LOYAL er bygd i Rosendal i 1877 av Jøra Knut, mest kjend for å ha bygd polarskuta GJØA. LOYAL lasta 900 tønner sild og var bygd for dei store hava. Skuta har til og med runda Kapp Horn på ei reise til Chile. Skuta fekk motor i 1932, men hadde likevel segl til inn på 1950 åra.

Johan Hausberg saman med sonen Audun fekk hand om fartyet i 1974 og starta eit omfattande restaureringsarbeid i åra fram til sjøsetjing i 1997. Skuta har gått i kommersiell fart frå 1998 til 2015. Eigar i dag er Stein Arve Olsen.

Gruppa frå Uskdalen framførte sine songar akter på kahytttaket med publikum om bord og på den nye kaien ved Folgefonnsenteret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård - Grenda/ Øystein Enæs



Galeas LOYAL på si reise gjennom Storsund i helga.